

ÅRSMELDING 2025

VALLDAL IDRETTSLAG

Styret 2025

- Magne Eivind Glomnes leiar
 - Erlend Ringstad nestleiar
 - Lars Petter Hauge kasserar
 - Oda Kristine Myklebust skrivar
 - Malene Vinsnesbakk styremedlem, ansvarleg klubbhus
 - Vibeke Valdal Myeza leiar friidrett/trim
 - Jan Ole Fuglem leiar ski
 - Terje Hoel leiar fotball
 - Richard Moen leiar disksport
-
- Børge Heggen Johansen 1. varamedlem
 - Liv Marit Indreeide 2. varamedlem

2025 var eit normalår med tanke på aktivitet i laget.

Årsmøte - styrearbeid

Det har vore gjennomført 4 styremøter i 2025 med totalt 32 saker på saklista.

I tillegg har det vore 4 møter i arbeidsutvalet. Det blir no gjennomført annakvart møte med heile styret og annakvart møte i arbeidsutvalet. Alle styremøte har vore gjennomført på klubbhuset. 1.varamedlem er alltid innkalla og møter vanlegvis på styremøtene.

Årsmøte i 2025 vart gjennomført 26. mars på klubbhuset.

Skylagring og heimeside

Det er mogleg å logge på klubbadmin og lagre dokument der. Det blir jobba med å få betre mappestruktur/oversikt. Referat frå styremøte og annan informasjon skal i tillegg vere tilgjengeleg på heimesida. Bruk av heimesida bør brukast meir aktivt. Det same gjeld idrettslaget si facebookside, men det er blitt betre siste året. Gruppene sine facebooksider fungerer bra.

Medlemmar

I 2025 var det registrert 236 betalande medlemmar. Dette er litt nedgang frå 2024.

Det har vore fokus på å gå gjennom medlemslistene og syte for at dei som er aktive har betalt medlemskontingent for 2025. Det er framleis ei utfordring at ikkje foreldre/føresette melder seg inn saman med barn.

Det skal ikkje vere aktive i idrettslaget som ikkje betalar medlemskontingent. Konsekvensen, Jf. vedtektene, må vere at dei som ikkje betalar får sletta medlemskapet og ikkje kan delta på organiserte aktivitetar som idrettslaget tilbyr.

Laget brukar Klubbadmin for registrering av medlemskap, innkreving av kontingent og oppfølging av betaling. Gjennom Klubbadmin ivaretek laget også krava om personvern ved registrering og handtering av medlemsopplysningar. For nokre medlemmar kan det vere ein ”terskel” å bruke Min Idrett, men det er fullt mogeleg å tilpasse og avtale utsending av medlemsfaktura og framleis vere innanfor regelverket.

Valldal idrettslag har fem æresmedlemmar; Inger Aufles, Hans Martin Gjedrem, Anneli Rem, Lars Ivar Henriksen og Einar Hoel.

Representasjon

Valldal IL har delteke i dialogmøte for frivillige lag i Fjord kommune. På årsmøte i Fjord idrettsråd møtte Magne Eivind Glomnes og Erlend Ringstad. Einar Hoel er leiar i idrettsrådet

Bygg og anlegg

I 2025 har det ikkje vore utført store arbeid med anlegg og utbygging.

Anlegg for ski og skiskyting

Arbeidet med realisering av nytt skiskyttaranlegg på Grønningsæter/Høghjelle held fram. Tinglyste avtalar er på plass. Det skal sendast ny dispensasjonssøknad om standplassen, og det har vore møter i saka. Det er forventa snarleg godkjenning på løyper og lys. Det er kome tilbud på bruk av trådlause lyspunkt drive av solcelle som må vurderast nærare opp mot tradisjonell belysning.

Kunstgrasbana

Det viktig å halde jamt tilsyn og vedlikehald med bana, og nokre tiltak er gjort i løpet av 2025. Frå 2031 er det forbudt å fornye kunstgrasbaner med granulat, men ein kan fortsatt bruke eksisterande baner.

Klubbhuset

Med varmpumpe installert oppe i 2023 er det no ein god og jamn temperatur i huset. Det er gjort lite arbeid inne på klubbhuset i 2025.

Hjartestartar

Hjartestartaren er plassert ved inngangen på Nordsida av klubbhuset. Den er registrert i hjartestartarregisteret. Den må oppdaterast kvar 6. månad for å vere synleg i registeret.

Hoppbakkar på Myklebust

Metall og diverse vart fjerna frå hoppbakken våren 2022, men den aller siste oppryddinga er fortsatt ikkje fullført.

Hoppbakkane på Stavsengfjellet

Valldal IL er medeigar i hoppanlegget på Stavsengfjellet. Manglande interesse for å halde dette anlegget i drift har no ført til at det er nedsett eit avviklingsstyre for sanering av anlegget. Olav Løvoll er Valldal IL sin representant i dette styret. Det er meininga at huset skal stå vidare, men hoppbakkane må fjernast. Valldal IL må ta sin del av kostnadane i samband med avviklinga.

Valldal stadion

På årsmøtet 2021 vart det vedteke å starte arbeid med utgreiing av fast dekke frå friidrettsdelen på Valldal stadion. Dette har fortsatt ikkje kome i gang enno. Valldal idrettslag fekk tilbud om å kjøpe festetomt 10/1/4 og 10/1/5 Valldal stadion i 2024. Saka var oppe på årsmøtet i 2024 og det vart sendt brev til kommunen om å kjøpe ut tomta eller dekke årleg festeavgift. Det er no gjort formell avtale med Fjord kommune om å dekke den årlege festeavgifta. Festeavtalen på 10/1/4 går ut i 2033.

Det blir jobba med utskifting av lyspunkt i lysløypa. Det er kjøpt inn ledlys for kr 50.000 som vi fekk i Teft midlar frå Sparebanken Møre. Det er oppretta eit utval som jobbar vidare med å skaffe midlar til utskifting av alle lyspunkta i lysløypa. Det er sendt søknad om spelemidlar til dette.

Ressursgruppa

Gruppa har også i 2025 utført diverse oppgåver ved klubbhuset og på stadion. Det er viktig at denne gruppa får ulike oppdrag dei kan utføre utifrå talet på personar som er tilgjengelege. Gruppene må også kome med konkrete ønske. Valldal IL takkar igjen ressursgruppa for den innsatsen dei gjer for idrettslaget.

Stiar og råser i Valldal

Valldal idrettslag har avtale med kommunen om skilting og rydding av råser i bygda. I dette arbeidet ligg det også å utarbeide ein skiltplan. Det er innvilga spelemidlar på kr 300.000 til dette. Arbeidsgruppa har jobba med skiltplan og det er sendt bestilling på skilt i slutten av 2025. Resten blir bestilt i løpet av 2026.

Allidrett

Allidrett heldt fram også deler av 2025 med samling ein ettermiddag i veka. Midlar frå Sparebanken Møre til formålet har vore nytta til å betale unge instruktørar.

Tilsette

Anne Gry Myklebust Vestre har hatt ansvar for reinhald på klubbhuset i starten av året. Frå sommaren har Lisa Maria Hjelle vore tilsett som reinhaldar på klubbhuset. Anders Rem utfører ein del førefallande arbeid på klubbhuset.

Arrangement

Arbeidsutvalet starta 2025 med å setje opp fordeling av oppgåver blant medlemmane i idrettslaget for alle felles arrangement. På den måten fekk alle vite i god tid kva dei var satt opp på og kunne bytte med andre før endeleg fordeling. Dette må vi kunne seie vart ei forbetring i høve til tidlegare då ein har fått tildelt oppgåver nærare opp mot arrangementa. I tillegg til arrangementa var det også satt opp nokre til nedvask på klubbhuset og Martin Linge huset.

Marknad vart halde 29. mars og det var som vanleg bra oppslutning og godt økonomisk resultat.

Bygdafesten på Martin Linge Huset vart arrangert i 12. april og Valldal idrettslag stilte med 18 personar til ulike oppgåver.

Mefjellet opp/NM motbakkelop vart arrangert 19. juli 2025.

Valldal IL fekk tildelt NM i motbakkelop igjen 6 år etter første gong vi fekk tildelt dette i 2019. Også denne gongen vart det suksess med stor deltaking. 182 starta frå Fjørå og 13 frå Hauge i konkurranseklassane. I tillegg var det i underkant av 100 som deltok i trimklassa utan tidtaking. Det var mange fleire oppover i løypene denne dagen enn dei som var deltakarar. Vi vil også takke Fjørå Vel som bidrog til at alle følte seg velkomen med pynta bygd og flaggborg. Premieutdeling var på Syltetorget etterpå. Vi fekk veldig gode tilbakemeldingar frå deltakarar etter løpet.

Olsokarrangementet 26. juli 2025 vart arrangert i samarbeid med Valldal Lions-club, Valldal Hornmusikklag, Valldal Bygdekvinnelag og Valldal Helselag, der dei ulike laga

hadde ansvar for ein aktivitet kvar. Laga fekk inntekter av eigen aktivitet. Lotteriinntekter var felles inntekt og delt likt mellom laga. Sponsorinntektene vart hovudsakleg inntekt for Valldal idrettslag.

Jordbærdilten og minidilten

Jordbærdilten er fast aktivitet på programmet i olsokhelga. Det starta med Minidilten, der 85 barn i alderen 2-10 år deltok og fekk medalje. Etterpå var det 76 deltakarar i konkurranseklassa og 65 i trimklassa utan tid.

Økonomi

Samla rekneskap for 2025 viser eit positivt resultat på 156.087. Inntekter på Mefjellet opp og jordbærdilten er hovudårsakene til positivt resultat. Det har vore gode faste inntekter frå kulturmidlar Fjord kommune, Grasrot andelen frå Norsk Tipping, lokale aktivitetsmidlar, mva kompensasjon i 2025. I tillegg er det gode inntekter frå sponsorar og støttespelarar og leigeinntekt på klubbhuset.

Samla inneståande på konto og i kasse pr 31.12.25 var om lag 2.159.397 kr. Av dette utgjer gåvekonto til nytt anlegg på Grønningsæter/Høghjelle 649.180 kr.

Sjå detaljar i balanse og driftsrekneskap i rekneskapen for 2025.

Vi vil takke alle som støtta og hjelpt Valldal Idrettslag også i 2025. Mange firma og andre, både lokalt og i regionen, stiller opp når det er spørsmål om å bidra. Det er også stor grunn til å takke alle som tek på seg verv, leiarar og trenarar, dei som står i kiosk og kafé, dei som organiserer og hjelper til på arrangement og utfører større og mindre oppgåver. Kvar og ein er viktig for at idrettslaget skal fungere.

Valldal 18.3.2026

Styret

